



Skulen har eit fint uteanlegg, men det skortar på resten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fleirtalet i formannskapet var i det lune hjørnet overfor Uskedalen i budsjett-drøftinga torsdag.

Det vert innstilt til kommunestyremøtet 16. desember at det skal brukast femten millionar kroner til opprusting av Uskedalen oppvekstsenter

På det første møtet om budsjettet og økonomiplanen vart det sagt at Uskedalen oppvekstsenter er skyvd fleire år framover, og at det truleg ikkje ville verta gjort noko arbeid på skulen før tidlegaste i 2015. Rådmannen sa då at skulen ville stå i fare for å verta stengt.

Dette tok formannskapsfleirtalet på alvor og sette på økonomiplanen fem millionar kroner i 2012 og ti millionar i 2013.

Det er eit ønskje frå Uskedalen Utvikling å få utarbeidd ein såkalla tettstadanalyse. Formannskapet set av 250.000 kroner i 2012 til dette prosjektet.

Same formannskapsfleirtalet tar oppatt eit gammalt budsjettønskje om nytt lys på vegen til Beinavikjo. I alt skal det brukast 800.000 kroner i 2011

til lys på Beinavikvegen og Prestnesvegen.

Elles er dei tidlegare prosjekta i Uskedalen, som har stått på budsjettet i mange år, med på neste års driftsbudsjett, også brannstasjonen som var nedleggjingstruga tidlegare i år.

Busslomma på Ljosnes er med på årets budsjett, så ho ventar på løysing.

Om fjorten dagar vert så budsjettet endeleg vedteket i kommunestyret.

t-